

PRESSEMELDING

Voldabudsjettet - auka drift og store investeringar

Nye tiltak i oppvekstsektoren og pleie- og omsorgstenestene. Bygging av ny Volda ungdomsskule og badeanlegg. Auka eigedomsskatt og reduksjon i reservane på disposisjonsfondet.

Utviklinga og samansettinga av befolkninga styrer tenestebehovet

Dei varsla utfordringane knytt til den demografiske og sosiale utviklinga tek til å gjere seg stadig meir gjeldande. Folketalsprognosen viser at vi får ein stor vekst i talet på eldre i høve til unge og yrkesaktive. I dei neste 10 åra vil eldre over 80 år auke med 278 personar (ca. 48 %). I følgje prognosane vil barnetalet og talet på yrkesaktive gå ned i same periode. Dette er også ein trend for landet.

Volda kommune brukar FN sine berekraftsmål. Desse er inndelt i tre dimensjonar; den økonomiske, sosiale og miljø- og klimamessige. Hovudutfordringane våre er knytt til den sosiale dimensjonen. Vi får fleire eldre og vi har sosiale utfordringar som gjer at fleire har behov for tenester. Det vert særleg knappheit på helsepersonell. Vi må prioritere bruken av ressursane slik at vi greier å løyse desse utfordringane i lag med klimautfordringane.

Omstilling for å skape handlingsrom

I komande økonomiplanperiode er det viktig å setje inn meir på omstilling av tenestene. Vi bør planleggje prioriteringane i berekraftperspektiv. Oppvekstvilkåra til barn og unge må leggjast til rette slik at dei meistrar og vert inkludert i fellesskapen. I oppvekstreforma straffar staten dei kommunane som ikkje jobbar godt nok med tidleg og tverrfagleg innsats ved at ressurskrevjande tiltak vil koste meir. Vi må lykkast med førebyggjande tiltak for at eldre kan greie seg sjølv lenger i eigen heim. Dette føreset vridning av ressursar frå ressurstunge tenester til å kome tidleg inn med tenester tidlegare i omsorgstrappa. Det gir fleire år med livskvalitet og det utset behovet for tyngre tenester. Ei analyse Husbanken har gjort viser at Volda kommune vil ha behov for 61 sjukeheims plassar i 2040 dersom vi ikkje vrir tenestene for å førebyggje mot for tidleg innlegging på institusjon. Det vil ikkje vere berekraftig og illustrerer kor viktig det er å skape forståing for at vi må endre haldning og arbeidsmåtar for å kunne gi rett tenester på rett nivå i åra som kjem. Fem personar kan få pleie i eigen heim for kostnaden det er med å drifte ein sjukeheims plass.

Det økonomiske handlingsrommet vert styrt av inntektsveksten som vert fastsett av staten og det kommunen sjølv kan gjere gjennom omstilling, kutt i tenester, økonomisk styring og auke i eigne inntekter. Vi har sidan kommunesamanslåinga gjennomført omstilling og kutt på ca. 10 millionar. I økonomiplanen er det lagt plan for ytterlegare omstilling og kutt på om lag 20 millionar. Administrasjonen har samtidig jobba systematisk med rutinar og opplæring for å styrke økonomistyringa. Det er mange føresetnader som skal oppfyllast for å kunne ta ut gevinsten av dei planlagde 20 millionane i kutt og omstilling dei komande fire åra. Her ligg det ein risiko for at vi ikkje har dekning i seinare rullering av økonomiplanen.

Innbyggjarane bør engasjere seg og setje seg inn i utfordringane

Kommunebudsjettet handlar om korleis vi fordelar fellesskapen sine ressursar på dei ulike tenesteområda det komande året, og i dei tre påfølgjande åra i økonomiplanen. I eit berekraftperspektiv er dette ein svært kortsiktig tidshorisont. Men måten vi brukar pengane på i dag vil binde oss for lang tid framover. Investeringane betaler vi på i førti år. Det vil vere motstand mot å flytte pengar mellom tenester. Det vil røyve ved særinteresser som protesterer, og endring tek lang tid. Derfor er det viktig å setje seg godt inn i utfordringane, og korleis vi treffer innbyggjarane sine behov i åra framover. Vi ser ikkje dette dersom vi tek utgangspunkt i dagens situasjon utan å ta omsyn til endringane som kjem dei komande tiåra. Dette handlar om prioritering. Det eksisterer alltid eit alternativ til kva ressursane kan brukast på. Det må avvegast mot kva som er viktigast og mest rettferdig. Derfor har vi budsjett og økonomiplan der vi kan sjå behova i høve til kommunen sine inntekter under eitt. Det er viktig at både administrasjonen og kommunestyret har lojalitet til budsjett og økonomiplanen. Det svekker økonomistyringa dersom ein prioriterer fram enkelttiltak i løpet av året gjennom ekstraløyvingar. Derfor er det viktig at alle tiltak som ein vil prioritere vert vurdert i budsjett og økonomiplanen.

Prosessen er svært viktig. Den kommunale verksemda er stor og komplisert. Det er vanskeleg å ha oversikt over samanhengane. Det er viktig at dei ulike interessene vert involvert med tanke på balanse i kven sine behov som kjem fram og vert lytta til.

Får til meir med samskaping

Vi er avhengig av god dialog og samhandling med innbyggjarane for å løyse oppgåvene som ligg framfor oss. Dette gjeld på alle nivå. Ved at kommunen går i lag med næringsliv, grendelag og andre løyser vi samfunnsoppgåver som kvar av partane ikkje greier sjølve. Vi utforskar dei reelle behova og styrkar enkeltindividet sine ressursar ved å gå tidleg i dialog med brukaren av kommunale tenester.

Profilen i budsjettframlegget

Barnehage, grunnskuleundervisning, barnevern og helse- og omsorgstenestene er dei lovfesta tenestene og utgjør primæroppgåvene til kommunen. Det har over tid vore ei ressursdreining frå oppvekst til helse- og omsorg for å møte dei veksande behova innanfor denne sektoren. Det er lagt inn ei styrke i tidleg innsats overfor barn og unge, samt førebyggjande tiltak og styrking av pleie- og omsorgstenestene. Det er foreslått å styrke helsestasjonen og tiltak retta mot barn og unge i kultur. 2022 er det første året at budsjetttramma til helse og omsorg er høgare enn ressursramma til oppvekstsektoren. Det vert tilført ressursar knytt til lovfesta tenester til enkeltbrukarar. Digitalisering som verkty skal forenkla tenestene for innbyggjarane og gi betre bruk av ressursane. Vi har også lagt inn klimabudsjett som ein start på den globale klimadugnaden.

Volda er inne i ei positiv utvikling

Volda er ei av dei kommunane i distrikts-noreg med sterk utvikling. Det er stor utvikling både i bustadmarknaden og i næringslivet. Ulike investormiljø melder interesse for å etablere seg i Volda. Dette utfordrar også kommunen til å vere i forkant og leggje til rette for utvikling. Kommunen har høgt aktivitetsnivå og er proaktiv med strategiske eigeidomskjøp. Det vert arbeidd med sentrumsutvikling og

veginfrastruktur med Voldatunellen, fylkesveg 60 og fjordkryssing som dei større løfta.

Forslaget til investeringsbudsjett i 2022 er på om lag 378 millionar og på nesten 764 millionar samla for dei 4 komande åra og byggjer på gjeldande økonomiplan. Det vert foreslått tiltak for å utvikle sentrum, byggje ut bustadfelt og leggje til rette for meir næringsareal for å stimulere til utvikling i lokalsamfunnet. Dei store investeringane i tillegg til kommunale utleigebustader og VA-anlegg er Volda ungdomsskule og svømmeanlegg. Ungdomsskulen er under bygging.

Badeanlegget

Kommunestyret skal i januar ta stilling til kva som er behovet til innbyggjarane når det gjeld svømmebøya. Det vil seie volum og innhald i svømmeanlegget. I konkurransen er tilbydarane invitert til å planleggje eit anlegg som både skal vere folkebad og fullverdig konkurranseanlegg med tribune og mål for gjennomføring av større konkurransar. Dersom kostnadsramma vert høgare enn vi har lagt til grunn i økonomiplanen, må ein vurdere å skjere ned prosjektet eller omprioritere i økonomiplanen.

Inntektsveksten dekkjer ca halve veksten i lønsutgiftene

I Solbergregjeringa sitt framlegg til statsbudsjett får Volda kommune ein vekst i frie inntekter (skatt og rammeoverføring) på 1,5 %. Dette dekkjer om lag halve lønsveksten for 2022. Vi starta budsjettarbeidet tidleg og jobbar parallelt med dette i økonomirapporteringa gjennom året. Grunnlaget vi byggjer budsjett og økonomiplan på er dermed nøyte gjennomgått og på eit minimumsnivå når ein legg til grunn at vi skal stette behova i dei rettighetsfesta tenestene.

Lønsveksten og auken i behovet innanfor lovfesta tenester, særleg i helse- og omsorgssektoren, gjer at vi finn å foreslå å bruke disposisjonsfond og auke eigedomsskatten frå 2 til 3 promille i 2022. For å finansiere lånekostnadene og drifta av det nye svømmeanlegget finn vi det nødvendig å foreslå ytterlegare auke i eigedomsskatten til 4 promille i 2024.

Lånegjelda aukar frå 1,6 i 2022 til 2,1 milliardar i 2025. Auken i renter og avdrag i perioden vil vere på 44,2 millionar. Det vert foreslått å bruke av disposisjonsfondet for å balansere kvart av åra i økonomiplanen. For neste år er det foreslått å bruke 4,3 millionar.

Støreregjeringa kjem med sitt statsbudsjettforslag 8. november. Ut får tidlegare signal er det forventningar til at det vil kome noko auke i dei frie inntektene. Korleis dette ev skal disponerast kjem i den politiske handsaminga etter at kommunedirektøren har lagt fram sitt framlegg.

Upopulære tiltak vil måtte kome i åra som kjem

Volda kommune har god dekningsgrad på tenestene og leverer gode tenester. KS Konsulent si analyse i 2020 viste at vi har potensial for å ta ned både standarden og volumet på tenestene ytterlegare enn det som er foreslått i økonomiplanen. I samband med budsjetthandsaminga i fjor presenterte administrasjonen ei liste over samla tiltak som ein vurderte som gjennomførbare. Berre eit utval frå denne lista vart innarbeidd i gjeldande økonomiplan. Utfordringa med at utgiftene i pleie- og

omsorgstenestene veks vesentleg meir enn inntektene, kombinert med veksande gjeld, tilseier at kommunestyret vil verte utfordra på meir upopulære tiltak i åra som kjem. Omfanget av dette vil avhenge av evna kommunen som organisasjon og samfunn har til å omstille seg, storleiken på investeringane og utviklinga i renteutgiftene, samt om risikofaktorane som økonomiplanen byggjer på vert utløyst. Desse er knytt til prognose om premieavvik på pensjon og om vi får utbetalt spelemidlane vi har forskottert for dei åra vi har lagt inn.

Målstyring

Det er nytt i dette budsjettet og økonomiplanen at vi har arbeidd med satsingsområde og mål som er forankra i prosessen med samfunnsdelen i kommuneplanen og FN sine berekraftmål. Dette er følgt opp med indikatorar for å kunne måle korleis vi når måla.

Politisk prosess

Kommunedirektøren sitt framlegg skal no gjennom politiske prosessar der det til slutt vert kommunestyret som avgjer kva som er viktigast og som skal prioriterast. Formannskapet handsamar si innstilling 23. november. Deira forslag vert lagt ut til offentleg ettersyn for at innbyggjarane kan kome med innspel. Den 1. desember vert det folkemøte med orientering om formannskapet sitt forslag. Kommunestyret handsamar endeleg budsjett og økonomiplan den 16. desember.

Nedanfor framgår ei oversikt over nokre av dei mest sentrale tiltaka som er foreslått:

Nye tiltak i drifta i 2022

Tiltak for å byggje heiltidskultur

Koordinator ved helsestasjonen (tidleg innsats overfor barn og unge)

Auka tilskot til private barnehagar (i samsvar med utrekningsmodell og som følge av auka utgifter til drift av dei kommunale barnehagane)

Styrking i tenesta for bu og habilitering

Styrking i tenesta for rus og psykisk helse

Nattevakt og dagtilbod i Hornindal - auka bemanning ved Hornindal omsorgssenter (200 % herav 70 % ny og 130 % ved intern flytting)

Auka bemanningsressurs ved Fjordsyn og Barsstadtun (50 %)

Nattevakt Severinhaugen

Prosjektleiar Helseplattformen

Samhandlingskoordinator i helsefelleskapen (samarbeid kommunane på søre

Sunnmøre opp mot Helse Møre og Romsdal)

Velferdsteknologi

Kompensasjon for reduserte inntekter til ressurskrevjande tenester

Auka ramme til vintervedlikehald kommunale vegar

Prosjektleiar kultur

Styrking av beredskap og førebyggjande arbeid brannvernet

Utdanning brannmannskap

Dei største investeringane i 2022

Volda ungdomsskule (fullfinansiering)
Badeanlegg
Utbygging kommunale vegar
Bustadfelt
Grunn og næringsutvikling
Elbilar (overgang frå fossilt drivne bilar til el-bilar)
Vaskeri
Avløpsanlegg
Vassverk

Nokre av omstillingstiltaka i økonomiplanperioden (nokre ligg også gjeldande plan)

Slå saman kjøkkendrifta for Volda omsorgssenter og Hornindal omsorgssenter
Reduksjon i administrasjonen ved naturleg avgang
Reduksjon i rammene til grunnskulen som følgje av færre elevar
Generell innsparing på ungdomssteget
Vriding av tenestene i pleie og omsorg for at fleire kan bu heime lenger har
samanheng med reduksjon av ei bugruppe ved Volda omsorgssenter
Reduserte bilutgifter ved gradvis omlegging til el-bilar

Rune Sjugard, kommunedirektør

Volda kommune 04.11.21